



Arkivsaknr: 2024/10779-3
Sakshandsamar: Kate Bentzen
Avdeling: Næring og utvikling

SAKSFRAMLEGG

Søknad til Næringsfondet - Region Nordhordland IKS - Lokale firmagåver

Utvalssak	Utval	Møtedato
-----------	-------	----------

Utval for næring, kultur og idrett		
------------------------------------	--	--

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Prosjekt Lokale firmagåver vert tildelt kroner 50 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næring, kultur og idrett.

Bakgrunn

Region Nordhordland IKS er eit interkommunalt selskap. Bransje: 84.130 Offentlig administrasjon tilknyttet næringsvirksomhet og arbeidsmarked. Registrert 18.05.2004. Kjelde: Proff.no.

Saksopplysningar

Region Nordhordland IKS er eit interkommunalt selskap som er eigd av kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Vaksdal. Selskapet jobbar på oppdrag frå kommunane, og jobbar i all hovudsak med utviklingsprosjekt som kommunane har saman. Eit av desse utviklingsprosjekta er statusen som Nordhordland fekk i 2019; Nordhordland UNESCO Biosfære, som er det einaste biosfæreområdet i Norge.

Om prosjektet

Prosjektet startar opp 13. januar 2025 og er forventa gjennomført 13. januar 2026.

Å verte utnemnd som eit biosfæreområde vil sei at ein skal vere eit læringsområde for berekraftig utvikling, nasjonalt og internasjonalt. Det handlar om å samle saman dei gode døma på nye og etablerte praksisar på berekraft innanfor all samfunnsutvikling, og dele dette med andre land og regionar i verda.

Smak av Nordhordland er eit utviklingsprosjekt satt i gang av kommunane i Nordhordland, og som no er plassert under biosfærestatusen, som eit aktivt arbeid i å fremme lokal mat og drikke frå Nordhordland gjennom merkevara: Smak av Nordhordland UNESCO Biosfære.

Smak av Nordhordland UNESCO Biosfære er eit veletablert lokalmat- og drikkenettverk for lokalmatprodusentar i Nordhordland etablert i 2018. Gjennom denne perioden har ein lært at det er eit fantastisk mangfald av dyktige lokalmatprodusentar i regionen. Næringa bidrar ikkje berre til tilgang på lokale råvarer og lokal mat og drikke, men òg til utvikling av landbruksnæringa, bevaring av naturlandskap og ivaretaking av mattradisjonar og matkultur. Lokalmat- og drikkeprodusentane er gode dømer på berekraft i praksis, og er identitetsskapande i regionen.

Sidan 2022 har det blitt jobba aktivt med å etablere ei felles merkevare for lokal mat og drikke frå Nordhordland. Dette har vore eit stort ynskje frå aktørane sjølv. Ei målsetning i nettverket er å gjere merkevara meir kjent, samt at produsentane får selt meir og fleire produkt. Region Nordhordland IKS har i den samanheng starta eit utviklingsarbeid saman med Klar bedrift, Gløde og eit «knippe» lokalmat- og drikkeaktørar i nettverket som leverer gåverelaterte produkt. Ein ynskjer å tilby lokale firmagåver til bedrifter i regionen og dermed bevege seg inn på bedriftsmarknaden i Nordhordland.

Gåvene skal innehalde ulike produkt frå lokalmat- og drikkeprodusentar frå medlemmane i Smak av Nordhordland UNESCO Biosfære. Gåvene blir pakka, selt og distribuert ut til kunde gjennom Gløde. Den overordna merkevara vil vere Smak av Nordhordland UNESCO Biosfære.

Ideen har komme fram etter ei bestilling på 470 gåveposar med lokalmat/drikke frå ei bedrift på Mongstad, samt etter etterspurnad frå bedriftsmarknaden sjølv.

Å etablere ein robust sal- og distribusjonsskjede av dette konseptet vil vere eit langsiktig arbeid, men ein ønskjer eit høgt aktivitetsnivå i 2025 – som vil gi prosjektet ein god start og gjere dei lokale firmagåvene kjend i regionen.

I Alver kommune er det til no heile 20 produsentar av til saman 33 aktørar, som deltar aktivt i merkevareordninga Smak av Nordhordland UNESCO Biosfære. Alver kommune er dermed høgast representert frå kommunane i Nordhordland.

Prosjektleveranse / målsetting

Hovudmålet med prosjektet er at lokalmat- og drikkeprodusentar frå Nordhordland får selt meir lokal mat og drikke til bedriftsmarknaden i Nordhordland. For å nå hovudmålet er prosjektet delt inn i tre delmål:

Delmål 1: Utvikle ulike pakkealternativ til bedrifter, med ulike produkt frå lokalmat- og drikkeprodusentar frå Smak av Nordhordland UNESCO Biosfære.

Delmål 2: Etablere ein robust distribusjonskanal ut til bedriftsmarknaden i Nordhordland.

Delmål 3: Lage ei sal- og marknadføringsstrategi for dei lokale firmagåvene med den overordna merkevara: Smak av Nordhordland UNESCO Biosfære.

Resultatmålet i prosjektet er å få selt 2000 lokale firmagåver frå Gløde sin nye distribusjonskanal frå januar 2025 til januar 2026.

Det er viktig å presisere at dette er eit forprosjekt, og at prosjektet ein søker midlar om er startfasen av dette arbeidet - sjølve omstillinga. Sjølv utviklinga av distribusjonskanalen og arbeidsprosessane tilknytt dette arbeidet vil ta fleire år, og er eit meir langsiktig perspektiv.

Effektmåla av dette prosjektet vil vere mange, grunna brei involvering av fleire partar:

- For lokalmat- og drikkeprodusentar i Smak av Nordhordland vil dette prosjektet kunne føre til meir sal av produkt, og bidra til mogleg vekstmoglegheiter hjå kvar enkelt bedrift, med tanke på utviding av produksjon.
- For Gløde vil eit slikt prosjekt kunne bidra til oppretting av ny teneste, som kan føre til nye tilsettingar av personar som står utanfor arbeidslivet i dag.
- For Region Nordhordland IKS vil eit slikt prosjekt vere identitetsskapande for regionen og Alver kommune, ved å fronte arbeidet kring biosfæresatsinga gjennom merkevareordninga Smak av Nordhordland UNESCO Biosfære.
- For Klar bedrift kan ein slikt prosjekt bidra til måloppnåing av næringshageprogrammet, ved å bidra inn med forretningsutvikling til enkelte bedrifter i samarbeidet, samt konseptet som heilheit.

Prosjektet er delt inn i tre arbeidspakker.

Arbeidspakke 1 som er knytt opp mot delmål 1, går på å kartlegge nøkkelaktørar i regionen og kva type produkt dei ulike produsentane har, og kva dei kan levere inn av gåverelaterte produkt, samt mengde og utsalspris. Ein stor del av denne arbeidspakken vil omhandle dialog med lokalmat- og drikkeaktørar, både eksisterande og nye produsentar i Nordhordland. Denne kartlegginga vil gi grunnlag for kor mange, og ulike variantar av lokale firmagåve Gløde kan tilby til bedriftsmarknaden. Arbeidspakken går over heile prosjektperioden og omfattar prosjektleiing og intern kommunikasjon, samt ekstern kommunikasjon av prosjektaktivitetar og resultat.

Arbeidspakke 2 dekker delmål 2 og omhandlar det å etablere ein distribusjonskanal digitalt og fysisk hjå Gløde, noko som betyr at Gløde må etablere interne arbeidsrutinar for ei ny teneste fysisk og digitalt. Tenesta skal innehalde: Marknadsføring av lokale firmagåver, ta i mot bestillingar frå bedrifter digitalt og via telefon, bestille produkt frå lokalmatprodusentar, pakke og dandere gåvene, samt distribusjon av gåve ut til kunde med varebil, samt fakturering ut til kunde og lokalmatprodusentar.

Arbeidspakke 3 heng saman med delmål 3, og går på å etablere ein strategi for sal og marknadsføring av dei lokale firmagåvene ut til bedriftsmarknaden i Nordhordland. Til dette arbeidet får Gløde og Smak av Nordhordland UNESCO Biosfære hjelp av Klar bedrift.

Prosjektøkonomi

Prosjektnamn	Prosjektkostnad	Søknadssum	Framlegg
Lokale firmagåver	315 000	157 000	50 000

Vurderingsgrunnlag

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for næringsfondet og vert vurdert ut frå føremål og målsetting. Næringsfondet skal styrkje næringslivet i Alver kommune og støtte frå næringsfondet skal bidra til auka næringsutvikling, vekst og fleire arbeidsplassar i Alver kommune. Det vert gjort ei heilskapleg vurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til dette.

Vurdering

Søknaden viser til at Region Nordhordland med samarbeidspartnarar ønskjer å gjennomføre eit utviklingsprosjekt kor hovudmålet er at lokalmat- og drikkeprodusentar frå Nordhordland får selt meir lokal mat og drikke ved å utvikle og tilby lokale firmagåver til bedriftsmarknaden i regionen. Søknaden gjeld støtte til forprosjektet av dette utviklingsarbeidet og dei ulike aktivitetane som inngår i denne fasen av prosjektet.

Dette samarbeidsprosjektet er eit eksempel på korleis ein kan løfte ein heil bransje i fellesskap gjennom godt samarbeid, og suksess i prosjektet vil ha stor betydning for og bidra til utvikling hjå alle lokalmat- og drikke produsentane involvert i prosjektet.

Alver kommune ser positivt på utviklingsprosjektet Region Nordhordland IKS med samarbeidspartnarar viser til for å utvikle nye tilbod og produkt hjå produsentane i nettverket. Prosjektet vil og kunne styrke verksemdene sin marknadsposisjon.

Etter ei samla vurdering er prosjektsøknaden i samsvar med næringsfondet sine vilkår ved at det viser til tiltak som stimulerer til vekst i eksisterande verksemdar, nyskaping, kompetanseutvikling og samarbeid innanfor etablert næringsliv. Dette utviklingsprosjektet vil bidra til auka næringsutvikling og har potensiale for å skape fleire arbeidsplassar i Alver kommune.

Kommunedirektøren si tilråding

Prosjekt Lokale firmagåver vert tildelt kroner 50 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Vedlegg

- 1 Søknad-2024-0032.pdf
- 2 Soeknad Lokale firmagaave - Alver næringsfond.pdf